

Søknad om støtte til verdiskapingsprosjekt 2014

1) Skildring av prosjektet

Prosjektnamn : *Kongevegen over Filefjell*
Geografisk virkeområde: Frå Lærdalsøyri i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane fylke, via fjellovergangen Filefjell og ned til Vang sentrum i Vang kommune i Oppland fylke
Prosjekteigar : Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Lærdal kommune, Vang kommune
Prosjektleder : Jan Adriansen
Rapporteringsansvarleg: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kontaktopplysningar : Jan Adriansen, prosjektleder, tlf 97507707, e-post: jan.adriansen@vegvesen.no
Eva Moberg, fylkeskonservator, tlf 90591452, e-post: eva.moberg@sfj.no

Kongevegen over Filefjell ønskjer å formidle den nasjonalt viktige ferdslehistoria over Filefjell og å leggje til rette for ein 11 mil lang, samanhengande kulturhistorisk turveg mellom Lærdalsøyri i Sogn og Fjordane og Vang i Oppland. Vern gjennom bruk, brei verdiskaping og vandreopplevingar for store og små er nøkkelord for prosjektet.

2) Organisering og forankring

Kongevegen over Filefjell er organisert med ei styringsgruppe og ei samarbeidsgruppe.

I styringsgruppa sit ein representant for kvar av prosjekteigarane samt Statens vegvesen.

Samarbeidsgruppa er samansett av sentrale aktørar i prosjektet. Pr i dag er desse med i gruppa: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Oppland fylkeskommune, Lærdal kommune, Vang kommune, Statens vegvesen, Musea i Sogn og Fjordane, Valdresmusea, Berekraftig reiseliv Lærdal, Valdres Destinasjon/Vang, Tyn og Filefjell Reiseliv og Valdres Natur- og kulturpark.

Eigne undergrupper jobbar meir konkret med delprosjekt innafor skilting og formidling.

Prosjektet har også eit bedriftsnettverk. I styringsgruppa for nettverket sit 4 representantar for reise- og næringslivet i Lærdal og 4 representantar frå Vang. I forprosjektsøknaden til Innovasjon Norge er målet å ha med 20 bedrifter.

Prosjektet har også knytt til seg Fortidsminneforeningen v/Borgund Stavkyrkjesenter og NCE Tourism som samarbeidspartnarar.

Kongevegen over Filefjell er forankra både politisk og økonomisk i fylkeskommunane og kommunane i prosjektet. I Oppland er prosjektet med i VINK-satsinga.

Statens vegvesen kjem med vesentlege bidrag langs *Kongevegen*. Den delen av dette som fell inn under Nasjonal verneplan, ønskjer SVV å styre internt utanom organiseringa til *Kongevegen over*

Filefjell, og då i eit prosjekt kalla NVP *Filefjell*. For å få eit best mogleg samkjøring i heilskapen arbeider prosjektleiar 50 % med *Kongevegen over Filefjell* og 50 % med NVP *Filefjell*.

3) Mål, tiltak og aktiviteter i 2014

Hovudaktivitetane i 2013 omfatta fysiske tilretteleggingstiltak på strekninga Tyinkrysset-Brattebakken (restaurering, vegetasjonskjøtsel og skilting), nettverkssamarbeid og kursing av reise- og næringslivsaktørane i samarbeid med Innovasjon Norge, samt oppstart av arbeidet med digital formidling. Dette arbeidet held fram i 2014 og skal munne ut i offisiell opning av turstrekninga sommaren 2014.

I 2014 skal arbeidet vidareførast med fysiske tilretteleggingstiltak på strekninga Tyinkrysset-Øye i Oppland og på strekninga Brattebakken- Borlaug i Lærdal. Nettverksamarbeidet skal formaliserast i eit forprosjekt i samarbeid med Innovasjon Norge. Det skal også utviklast ein mobilapplikasjon som vil gi god digital formidling til brukarane av turvegen.

Det er i tillegg mange delprosjekt langs strekninga. Til dømes skal det ved Borlo Bygdetun i Lærdal gjerast ei større vegetasjonsrydding for å opne opp landskapet, rydde fram ei attgrodd husmannsplass og bygge oppatt ei bru.

Kring stølsmrådet Honingane opnar det i 2014 ei om lag 2 kilometer lang rundløype som er tilrettelagt for rullestolbrukarar. Mykje arbeid vart allereie gjort i 2013. Mellom anna vart det bygt eit sel til overnatting for vandrarar. I 2014 skal det lagast rasteplass og det skal gjenreisast eit steinbygd stølshus som får jordgolv, benkar langs sidene, grue i midten og ljøre i taket. Her kan kven som helst kome inn å grille og hygge seg. Passer særleg bra for barnefamiliar.

Ved Kvamskleiva i Vang er planen å ruste opp *Kongevegen* ved å bygge oppatt øydelagde tørrmurar. Til dette arbeidet skal det nyttast kvalifiserte fagfolk.

Eit spennande delprosjekt er å byggje opp att bruer etter den detaljerte oppskrifta i veginstruksen til Generalvegmeister Hammer i 1794. Det er truleg om lag 200 år sidan sist ein bygde slike bruer i Noreg. To er nesten ferdige, og ei ny er under planlegging i 2014. Fleire kjem truleg til etter kvart.

Kongevegen over Filefjell vil også i år arrangere ein Veghistorisk Temadag. Prosjektet er også spurd om å lage ei utstilling på Maristova i samband med markeringa av grunnlovsjubileet og SVV sitt 150-års jubileum.

4) Økonomi

Kongevegen over Filefjell er bygd opp av sær mange delprosjekt. I skjemaet til RA under vert dei presentert i eit samla budsjett.

Prosjektet har stor grad av eigeninnsats frå både samarbeidspartane, næringslivet og frå lokale aktørar langs vegen. Kommunane brukar til dømes mykje eigne midlar på vegetasjonsfjerning og anna tilrettelegging langs vegen. Dette er rekna inn i budsjettet.

NVP Filefjell er ein stor og viktig del av det heilskaplege prosjektet, men vert styrt frå SVV og er ikkje med i verdiskapingsbudsjettet. Det kan likevel nemnast at ein i denne delen budsjetterer med 5,1 millionar kroner til restaurering av Kongevegen i 2014.

5) Verdiskaping

Prosjektet har til no vore inne i ein etableringsfase. Dei store verdiskapingseffektane vil først vise seg om nokre år. Men det er forventa å sjå ei auke både i overnattingsdøgn, matservering og liknande allereie i løpet av sesongen 2014.

Den største verdiskapinga i 2014 ligg på ikkje-økonomiske faktorar som fysisk tilrettelegging og restaurering av kulturminne, betre folkehelse, auka kunnskap om verdien av kulturminna og stolthet for lokalbefolkninga.

Det at SVV for 2014 har løvd over 600 000 kr ekstra til vøling og restaurering av vegminne, er eit verdiskapingsresultat av prosjektet. Arbeidet i den retninga vil halde fram.

Bedriftsnettverket er i startgropa, men planen er å få ein oversikt over «no»-tilstanden på sentrale måltal i løpet av våren. Desse vil takast opp att årleg for å sjå den bedriftsøkonomiske effekten av prosjektet.

For dei ikkje-økonomiske verdiane vil ein gjennomgang av måloppnåing i høve tiltaksplanen dokumentere verdiskapinga.

6) Kulturminne, kulturmiljø og landskap

I løpet av 2014 vil kring 4 mil av *Kongevegen over Filefjell*, ein husmannsplass og eit stølsområde vere rydda og skjøtta. 3-4 bruer vert ferdigbygd, 2 mil av strekninga vil vere skilta med både tilvisingsskilt etter norsk standard og eigne kulturminneskilt.

Det vert jobba for å få i hamn avtaler for framtidig vedlikehald av dei tilrettelagde kulturminna og –miljøa.

7) Læring

Ein av dei viktigaste suksessfaktorane for framtidig verdiskaping i *Kongevegen over Filefjell* er å få til ei god lokal forankring. Her er bedriftsnettverket sentralt, men også det å klare å synleggjere at tiltaka som vert gjort, kjem lokalsamfunnet til gode. Det å legge til rette for varige inntekter i kjølvatnet av prosjektet, er ein av nøklane til dette.

Arbeidet med Kongevegen vil gje nyttig kunnskap om historisk vegmuring.

For å åpne: Høyreklikk: Binært regneark, Åpne, fyll inn tallene, Lagre

BUDSJETT (hovedprosjektet)		
Finansiering	1 000 kr	Merknader
4.1.1 Riksantikvaren (post 77)	700	Omsøkt
4.1.2 Riksantikvaren (andre poster)		
4.1.3 Andre statlige tilskudd	910	SVV, 100 innvilga, 510 munnleg, 300 IN
4.1.4 Fylkeskommune/Sametinget	700	500 innvilga, 200 avhengig av RA-midler
4.1.5 Kommune	712	Innvilga
4.1.6 Private tilskudd	640	330 S.bankstift (tildelt 2013), 300 bedriftsbidrag
4.1.7 Overføring fra året før	905	Ca 570 er påbyrja/ferdig, men ikkje betalt
SUM	4 567	
Utgiftsbudsjett fordelt på innsatsområder	1 000 kr	Merknader
4.1.8 Prosjektadministrasjon	720	Prosjektleder i 50% stilling
4.1.9 Dokumentasjon, kartlegging	200	Forprosj. Brattekammen Bru, kulturminner
4.1.10 Istandsetting/tilrettelegging ny	2 000	Vegetasjonsfjerning, bru o.l. 1447
4.1.11 Formidling	1 000	Skilt, foto, brosjyre, nettløysing mm 746
4.1.12 Stedsutvikling og –planlegging		
4.1.13 Næringsutvikling og –veiledning	600	300 IN (omsøkt), 300 matchemidler
4.1.14 Kompetanseheevende tiltak		
4.1.15 Informasjon og markedsføring		
4.1.16 Ikke fordelt	47	
SUM	4 567	
Utgiftsbudsjett fordelt på delprosjekter, tiltak mv	1 000 kr	Merknader
SUM	-	